

Web-adresse Stord- og Fitjar Turlag: www.turistforeningen.no/stord-fitjar.



REFERAT FRA ÅRSMØTE 2015 I STORD-FITJAR TURLAG

Dato: torsdag 29. januar 2015
Kl.: 19:00 – 21.00
Stad: Kunnskapshuset, STORD

Frå styre møte:

Gerda Øen, Svein Birkeland, Jarle Nakken, Jarle Hevrøy, Marit Sætre Cruickshanks; Birger Taranger, Bjørn Helle

I alt var det rundt 50 personar til stades.

Opning: Leiar Gerda Øen opna årsmøte og ynskte alle hjerteleg velkomne og fortalte litt om aktivitetane i laget i året som gikk. Ønska spesielt velkommen til Andre Marton Pedersen; representant frå Hordaland-Bergen Tur.

1 Val av møteleiar: Jarle Hevrøy

2 Val av skrivar: Marit Sætre Cruickshanks

3 Val av representantar for signering av referat:

Wenke Åse og Stein Kyvik.

4 Godkjenning av innkalling; ingen merknader til innkalling

5 Årsmelding 2015

Gjekk gjennom Årsmeldinga punkt for punkt og gav litt tid til å lesa gjennom dei ulike gruppene sin årsmelding.

Vert eit svært aktivt år med mange aktivitetar i gang.

Årsmeldinga vart samrøystes vedteke.

6 Årsrekneskap 2015

Framlagt revidert rekneskap vart gjennomgått av Jarle Nakken

Revisormelding gjennomgått og lest opp av Jarle Hevrøy. Rekneskapen kom ut med eit lite underskudd.

Rekneskapen vart samrøystes vedteke.

7 Budsjett 2016

Budsjett for 2016 vart lagt fram av Jarle Nakken. Jarle Nakken kommenterte dei einskilde postane.

Budsjettet legg opp til eit aktivt 2016.

Budsjett for 2016 vart samrøystes vedteke.

8 Inkomne saker: Skal vi avvikle Topptrimmen 2017.

Det vart i 2015 kjøpt 216 – levert inn 138.

2014 kjøpt 348 – levert inn 154.

Vart ein liten diskusjon fram og tilbake. Blei ikkje tatt avgjørsle om å avvikle ennå. Ser det litt an. Ser om vi kan legge det om litt.

Val:

Anne Kristine Eldøy la fram innstillinga frå valnemda:

Styret			
Leiar	GERDA MALENE ØEN	1 år	Attval
Sekretær	Marit Cruickshanks	1år	Ikkje på val
Kasserar	Jarle Nakken	1 år	Ikkje på val
Seniorgruppa			
Tur-og dugnad			
Natur -og miljø			
Barnas Turlag			
Topptrim			
Vara	Inga Lunde Helland	2 år	Ny
Vara	Lars Kjell Andersen	1 år	Ikkje på val

Det blei informert om at alle gruppene skal ha eit konstituerings møte innan 2 veker frå årsmøtet er halde. Det skal då meldast inn til styret kven som skal representera gruppa i styret. Dei gamle og nye medlemmane i styret og gruppene møter på første styremøte. Leiar i gruppene i 2015 har ansvaret for dette.

Etter årsmøtet:

Matøkt:

Det var servert Pizza.

Drøsen gjekk lett rundt borda.

Alle som gjekk ut av styret fekk overrekt eit gavekort for vel utført arbeid, Samt att Gerda leverte ut ein del flotte huer til alle dei som gjer ein utrolig god dugnadsjobb. Flott.

Jarle Hevrøy som går av etter 20 år i styre og stell i Turlaget fekk ein fin Jakke og Gavekort.

Møtet slutt kl. 21.00.

Stord, 2016-01-28

Marit Sætre Cruickshanks (skrivar)